



Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar: Anja Bertelsen
Vår: 20/889 - 21/185

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
04.01.2021

Ferdigattest for ombygging og utviding av butikklokale - gbnr 108/612 Lindås

Administrativt vedtak: Saknr: 005/21
Tiltakshavar: Lindås Senterbygg AS
Ansvarleg søkjar: Tippetue Arkitekter AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for ombygging og utviding av butikklokale på gbnr 108/612.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 17.03.2020 og 11.06.2020. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottatt 22.12.2020.

Skildring

Bygningstiltak:	Utviding og ombygging av butikklokale
Bygningsnummer:	
Bruksareal:	Ca 52 m ² Bygget vert elles utvida på areal avsett til torg i eksisterande bygg.

Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	0

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/889

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås Senterbygg AS	Skuteviksbodene 22	5035	BERGEN
Lindås Senterbygg AS	Skuteviksbodene 22	5035	BERGEN
Tippetue Arkitekter AS	Sandviksbodene 5	5035	BERGEN

Mottakarar:

Tippetue Arkitekter AS	Sandviksbodene 5	5035	BERGEN
------------------------	------------------	------	--------